

# Kyrkje- helsing

## Konfirmandar i Gjerstad

1. rad frå v: Line Tønjum, Karin Revheim, Johannes Melve, Kari Marie Njåstad, Silje Tinbod.
2. rad frå v: Maria Fotland, Berit Hjelmås, Siri Anett Daltveit, Silje Hatland, Helga Vevle, Andrea Revheim.
3. rad frå v: Eivind Seilen, Andreas Kollvangsnes, Tomine Eva Akerø, Åsmund Lone, Joacim Fossbakken.
4. rad frå v: Gjermund Fotland, Bjørn Atle Jacobsen, Bernt Iben Fossbakken, Kim André Isvik Fossdal, Ivar Revheim, Ørjan Kallekleiv.

Foto: Rune Solberg



**Kyrkjelydsblad for Osterøy**  
**Nr. 4 hausten 2001**



I dette nr. finn du konfirmantbilete. Du kan lesa andakt av Brigt Skeie. Øystein Askeland fortel om Votlo bedehus. Osterøy kyrkjekor skriv Kari Hauge om. Einar J. Selvik fortel om Haus Kyrkjelydshus. Øyvind Vevle skriv litt om Israel. Elles har me listeframlegga til soknerådsvala, preikelista og familiennyt.

Me bed og lesarane merka seg temakveldane i Hosanger og Haus kyrkjer, temamøte i Fitje bedehus og bibelveke i Gjerstad kyrkje.

Så er sumaren i 2001 over. No syner hausten seg etter kvart i lauvskogliane. Juli og august vart i våtaste lag for ein småbrukar som ville turka alt høyet i år. Sjeldan meir enn ein dag opplett om gongen, og om det var opphold var det heilt stilt og lite "høyterre." Det gamle vermerke som sa "eik før ask då vert det plask" slo fullt og heilt til i år. Eika fekk i vår lauv 14 dagar før asken. I fjor fekk

dei lauv på same tid. Våren 1997 var asken først ute, og då vart sumaren sær fin. "Ask før eik då vert det steik"

Lite fjellturar har det og vorte, og det er eg lei for. Far tok meg tidleg med til fjells, og fjellet har alltid lokka med sine fine utsyn og andre naturopplevingar.

Mange turar har eg hatt åleine i tidlegare år, men no likar eg best å ha nokon i fylge. Då kan eg og få gjeva vidare kunnskap om stadnamn og om stølsliv og anna frå tidlegare tider. No får me vona på ein fin haust. september og oktober kan med sine fine haustfargar gjeva oss mange fine opplevingar.

Til slutt, i dag 2. sept. står der på min dagkalender: "Lit på Herren av heile ditt hjarta, og set ikkje lit til ditt vit. Tenk på han kvar du ferdast, så gjer han dine stigar jamne." Det er ofte slik at me ikkje alltid forstår det som hender i kring oss. Ivar Aasen sa det vel slik: "Vesle vitet strekk ikkje til, ei tru må stydja oppunder." I Emelie Thorup sin salme frå 1889 står det i siste verset: "Å tro det er å tage sin Frelser fast i hånd, og vandre alle dage veiledet av hans Ånd.

## Temakveld i Haus kyrkjelydshus onsdag 28. nov. kl. 19.00

Ynskjer vi framleis at borna våre skal få ein kristen oppdragelse ?  
Kven skal ta ansvaret?  
Er vi i ferd med å bli eit avkristna land ?

Høgskulektor Berit Nøstdale frå NLA/lærarhøgskulen informerer om KRL faget i skulen i dag.  
Samtale – diskusjon.  
Det blir enkel servering.

Vi håpar dette er eit tema som vil engasjera mange både foreldre, besteforeldre, lærarar, sondagsskullearbeidrarar og andre som er med i kristent barne – og ungdomsarbeid. Alle er hjarteleg velkomne.  
Det gjeld våre born og deira framtid.

Dette er eit fellesarrangement mellom Haus kyrkjelyd, Osterøy sondagsskulelag og indremisjonslag på Osterøy.

## Takk

Fasteinnsamlinga til Kirkens nødhjelp fekk ved hjelp av konfirmantane i Gjerstad kr.16.979,- , Bruvik kr.5.225,- og Haus kr. 9.350,- eit fint resultat. Takk til alle som gav !

## Tv-innsamlinga 21.oktober til Kirkens nødhjelp

Sundag 21.oktober får alle husstandar vitjing av bøsseberarar som er med på TV-innsamlinga 2001. Same dagen er det soknerådsval, så dagen vert ein merkedag både i kyrkja og heime.

# Andakten denne veka: Er eg god nok?

av Brigt Sigve Skeie

**Vi har hatt eit kongeleg bryllaup som eg trur har gjort inntrykk på mange. Det har vore meint side opp og side ned om kva som måtte kunne krevast av ei kvinne som skal gifta seg med ein kronprins. Uansett krav og meininger: 25. august vart Mette-Marit ektefelle til kronprinsen!**

Anten nokon skal vurderast for å koma inn i ein kongeleg familie eller noko heilt anna, kan det vera slitsamt å måtte «målast og vegast», og lura på: Er eg god nok? Vil eg verta akseptert og godtatt? Mette-Marit har gjeve uttrykk for at ho har angra på ting ho har gjort, som t.d. bruk av narkotika. Men det ho har gjort, det kan ikkje stå u gjort eller gjerast om igjen.

For å verta godtatt, kan vi prøva å dekka over ting vi har gjort eller håpa at ingen får vita det vi har gjort. Ein annan måtte er å satsa maksimalt: gjera så godt vi kan og alt det vi trur andre forventar av oss. Og så håpa på at dette, det må då vera meir enn godt nok. Vi kan gå fram for menneske og Gud og seia: «Sjå kva eg har gjort. No må du godta meg og vera fornøgd med meg!» Men så er det noko fortvilande: det er ikkje vi sjølve som avgjer, men dei andre. For Mette-Marit og andre i hennar situasjon, så er det ikkje henne, men den kongelege familie, det norske folk,...som avgjer om dei vil akspetere henne eller ikkje.

Slik er det også i vårt forhold til Gud: det er Gud som har det

avgjerande ordet. Preiketeksten for gudstenesta som var dagen etter kongebryllaupet, handla om farisearen og tollaren i tempelet for å be (Luk. 18,9-14). Tollaren steig fram for Gud og ba: «Gud, sjå meg! Gud, ta imot meg!» («Gud, ver meg syndaren nådig!») Han var klar over at det var Gud som bestemte. Dette heldt likevel ikkje han borte frå å gå fram for Gud. Andre menneske ville halde Gud unna han: Gud vil nok ikkje ha med slike som deg å gjera. Men her tok dei tydelegvis feil! Jesus kom med det avgjerande ordet: Tollaren gjekk heim rettferdig for Gud. Den andre, farisearen som hadde halde sin lovprisingstale over seg sjølv, ikkje.

Gud hadde teke imot tollaren. Gud ønsker å ta imot oss! Dette vil eg knyta saman med eit anna ord om Jesus: «Alle dei som tok imot Han, dei gav Han rett til å verta Guds born, dei som trur på (set si lit til) namnet Hans.» (Joh.ev.1,12). Då vert det eit gjensidig forhold av respekt og godtaking.

Uansett kva andre måtte seia og meina om Mette-Marit: ho er no komen inn i kongefamilien for fullt.

Sameleis ovanfor Gud: Har Gud teke imot oss, høyrer vi Han til - uansett kva andre måtte meina og seia om oss! Vi kan få vera Hans - av nåde!

## ADRESSELISTE FOR KYRKJELEG FELLESRÅD OSTERØY PRESTEGJELD

### Kyrkjekontoret v/Rådhuset

Opningstider:  
Sumar: Man-Fre: 08.00.-15.00.  
Vinter: Man-Fre: 08.00.-15.30.  
(Måndag er fridag for prestar og organistar.)

Tlf. 56 19 22 80

Fax. 56 19 22 81

Direkte innval:

|                |             |
|----------------|-------------|
| Kristen Stang  | 56 19 22 71 |
| Mikal Toska    | 56 19 22 72 |
| Johannes Melve | 56 19 22 82 |
| Brigt S. Skeie | 56 19 22 83 |
| Liv Skoglund   | 56 19 22 84 |
| Kåre Rivenes   | 56 19 22 85 |

### Prestane:

Sokneprest Johannes Melve  
Priv. tlf. 56 39 00 11, Haus  
Kapellan Brigt S. Skeie  
Priv. tlf. 56 39 31 00, Hosanger

### Kyrkjemusikk:

Kantor Kåre Rivenes  
Priv. tlf. 56 39 06 26  
Organist Liv Skoglund  
Priv. tlf. 56 39 26 64

### Kyrkjelag fellesråd:

Leiar: Norvald Vedå  
Nestleiar: Oddmund Vevle  
Wenche Fiskesteth  
Gyda Tveiten Lewis  
Tor Lone  
Johannes Melve  
Alf R. Kallestein  
Oddvar Hannisdal  
Enni Revheim

### Soknerådsleiarar:

Bruvik: Wenche Fiskesteth  
Gjerstad: Roald Hauge  
Hamre: Brit Vevle Raknes  
Haus: Marit Skjeldal  
Hosanger: Sturle Litland

### Kyrkjeheising redaksjonsnemnd:

Redaktør Olav Meltvik  
Tlf. 56 39 52 27  
Fax " "  
Johannes Melve  
Kristen Stang  
Øyvind Vevle



# Osterøy kyrkjekor

I samband med 200-års jubileet for Hosanger- kyrkja hausten 1996 greidde Liv å tromma saman eit lite kor som deltok på jubileumsgudstenesta. Dette kan ein seia var den spede byrjinga til eit kyrkjekor på Osterøy.

Likevel kom ikkje koret skikkeleg i gang før våren etter. Den første øvinga var i Gjerstad kyrkje 4. april 1997 under leiing av Peter Couzens. 9 songarar møtte opp den dagen, men talet auka litt etter kvart. På det meste har me vore 25 songarar, men som i alle kor varierer medlemstalet, og det har vore særleg vanskeleg å få nok altar og bassar.

Den første tida var Peter Couzens sjefdirigent, og då Kåre Rivenes overtok hans stilling fekk han koret med på kjøpet. Liv Skoglund har heile tida vore med, både i programval og som dirigent når me har sunge i "hennar kyrkjer".

Osterøy kyrkjekor har som mål å syngja ved gudstenester og andre kyrkelege tilstellingar minst ein gong for året i kvar av kyrkjene på Osterøy. Me har delteke både ved vanlege gudstenester, konfirmasjoner, kyrkejubileum og julekonsertar. Koret øver i Gjerstad kyrkje annankvar torsdag frå kl. 19.30 til kl. 21, og høver såleis godt for songglade menneske som ikkje har altfor mykje

tid til overs. Einaste kravet som vert sett til songarane, er at dei har vanleg songröst, men det er sjølv sagt ein fordel at dei er glade i salmar og kyrkjemusikk.

Det har heile tida vore ein lett og humoristisk tone i koret, og låtten sit laust.

(Litt for laust stundom tykkjer dirigentane) Dessutan har me hatt

hyggelege sommaravslutningar : hyttetur i Modalen i fjar, og rekefest på Raknes i år.


*Trur du at Osterøy kyrkjekor er noko for deg ? Møt opp på øving i Gjerstadkyrkja og finn det ut. Me treng alltid fleire songarar.*

Kari Hauge



# Bedehuset på Votlo

v/ Øystein Askeland.



I 1903- 4 gjekk det ei åndeleg vekking over bygda her. Det var Mons A. Hauge og Knut Hesjedal som verka her. Mange nye vart omvende og fekk interesse for Guds Rike si sak. Dette førte til at Votlo Indremisjon vart skipa i 1904.

Fyrste formann var Andreas Frotveit. Han var då nettopp flytta til bygda og kom frå Fana. Han stod som formann i nokre år til han flytta attende til Fana. Så vidt ein veit vart Nils A. Askeland ny formann. I 1919 vart Helge Bjørsvik ny formann. Han kom frå Vikanes i Osterfjorden. Dei andre som har vore formenn i dei nær 100 år er desse : Mons O. Sundland, Sverre Bjørsvik, Johan Rivenes, Johan Rossland, og i dag er det Frank Zachariassen.

I 1920 gjekk det ei ny vekking over

bygda, og flokken i indremisjonslaget vaks monaleg. Både unge og folk i sine beste vaksne år kom med. Seinare har også mindre vekkingar vitja bygda. Frå 1920 til etter krigen var det rike åndelege tider i bygda. Seinare stilna det noko av, slik som over heile landet elles. Tanken om å reisa eit bedehus kom for alvor opp i 1937. Dei lånte då kr. 300,- og kjøpte inn ull som dei delte ut blant folk som laga ullsko. Netto vinsten av dette arbeidet vart fyrste startkapitalen til bedehuset. Elles vart lite samla inn før krigen. I 1945 kjøpte ein tomt, men i 1963 bygde kommunen ny skule nær inntil denne tomta. Difor fekk Indremisjonen ny tomt på andre sida av skuleplassen. Innsamlinga til bedehuset gjekk smått, men trutt i mange år. I 1964 var ein komen opp i 17.000,- kr.

Dette året vart det utlyst ein gymnastikksal på Ulvsnesøy skule til riving og sal. Det synte seg å vera materiale av svært god kvalitet. Denne vart kjøpt, riven og frakta hit. Ein hogg også noko tømmer som vart saga opp til dei materialane som mangla. Huset vart teikna av byggmeister Nygård frå Holsnøy. Han mura også opp kjellarmurane gratis. Bygging av huset vart for det meste gjort på dugnad. Når me reiste rábygget var Olav Hannisdal, Ytre – Arna med. Hjalmar Vikne tok seg av ein del av innreiing. Johannes Hundhammer gjorde røyrelleggjarbeidet gratis. Bygginga held me på med frå 1966-72, men i 1970 vart huset teke i bruk. Det stod då att mindre arbeid i matsalen. Hausten 1972 var det ferdig og 10. september vart huset vigsla av Sverre Bjørsvik. På vigslingsdagen var huset fullsett av 140 menneske. Kjøkkenservice, og eit brukt piano vart gjeve av Marta Moldung. Huset er av dei små i dag, i kjellaren er det matsal med plass for 90 personar. Elles er det kjøkken, toalett og garderobe. Oppe er det ein stor og ein liten sal med foldedører mellom. Dei som nyttar huset i dag er særleg Indremisjonen til m.a. møter og yngresarbeid, Det Norske Misjonsselskap, husmorlaget og 17.Mai-komiten. Før Kyrkjelydshuset i Haus vart bygd, vart bedehuset på Votlo ofte nytta til minnesamvær, men no er det lite utelege av huset.

## Gudstenesteverkstad

I Haus, Bruvik og Gjerstad har me dei siste åra hatt gudstenesteverkstad like før utdeling av Kyrkjebok til fireåringane. Ikke berre fireåringane og familien har vore inviterte, ein gudstenesteverkstad er for alle som vil vera med. Me teiknar og lagar store plakatar som vert brukte i kyrkja sundagen. Me førebud gudstenesta og dei som er med, får sjå att det dei har vore med på sjølve. Felles ettermiddagskaffi/ saft hører med. Kom og ver med !

**Haus** (kyrkjelydshuset), onsdag 17.oktober kl.17.00.

**Gjerstad:** Fredheim bedehus, Skistad. Laurdag 20.oktober kl.16

**Bruvik** (skulen) onsdag 14.november kl.17.00.


# Omlegging av kyrkje-garden på Hosanger

I Kyrkjehelsing har vi no fleire gongar skrive om omleggingsarbeidet, og det er med stor glede vi no kan orientere om at det aller meste av arbeidet er fullført. Allereie i juli vart området tilsådd, og grasveksten er no fin og tett. Vi tykkjer også at plasseringa av ny vannpost og ny trapp ved porten i vest var heldige løysingar, og som biletet syner går omlegginga fint og harmonisk saman med den eldre delen. Vi seier oss difor vel nøgd med arbeidet både til planleggjaren og entreprenøren.

Mange er no opptekne av kor tid ein

jorda og dei oppfylte massene elles kan få setje seg godt på plass. Sjølv om arbeidet både med drenering og planering vart vel utført etter føreseggnene vil det alltid vere fare for setningar over ei tid, når djupna er så pass store som her.

Framfor å risikere at gravminna kan verte både skakke og skeive over vinteren, ventar vi heller til våren med monteringa, for å være trygge på eit godt resultat. Eitt unnatak har vi likevel gjort med å bringe på plass att den aller nyaste graven på feltet, som var så seint som frå 1995. I



kan setje på plass att dei gravminna som vart mellombels flytta vekk frå kyrkjegarden. Etter nøyne å ha vurdert tilhøva er vi komne fram til at det beste er å vente til over vinteren, slik at

mellomtida vil vi føre tilsyn med dei gravminna som no er mellombels lagra langs vestsida av kyrkjegarden.

Både på kartet og med fotografi har vi

## Hosanger barnekantori

øver i Hosanger kyrkje, torsdag 16.45 - 17.45 (klokkesletta tilpassa bussrutene!)


Gutar og jenter frå 3. klasse og oppover kan vera med.

Koret er ein del av kyrkja sitt dåps-opplæringsprogram, samstundes som dei naturlegvis er musikkoplæringsstilbod. Årskontingent kr 150.

Hosanger barnekantori er medlem i Osterøy musikkråd og Ung kyrkjesong.

Spørsmål?

Ring organisten, Liv Skoglund, telefon 56 19 22 84 (kyrkjekontoret) eller 56 39 26 64 (privat)



elles nøyne merka oss plassen for kvart gravminne slik at dei kan komme på rette plass når arbeidet startar til våren. Den einaste korrekksjonen vert at vi no må rette inn gravene etter dei føreseggnene som no gjeld for storleik.

Vi minner elles om dei reglane som gjeld for feste av grav. Det er først ei friperiode på 30 år, og sidan kan grava nyast for inn til 30 år. Festavgifta er no kr. 60,- pr år, og ein betalar for inn til 10 år kvar gong. Samla tid for ei grav er 60 år. Dersom der er barn eller foreldre som lever, kan grava likevel nyast for 5 år av gongen.

Mange av gravene på den nye delen av kyrkjegarden er no så gamle at vi ikkje lenger har full oversikt over feste- og betalingstilhøva. Vi her på Kyrkjekontoret vil difor no gjerne ha kontakt med alle dei som står for graver på denne delen av kyrkjegarden, slik at vi kan få full orden på festetilhøva før vi startar på oppsettinga av gravminna.

PS

Påminninga om å ta kontakt med Kyrkjekontoret om gamle graver gjeld eigenleg for alle kyrkjegardane på Osterøy, slik at om du difor ikkje allereie har hatt kontakt med kontoret i dei par siste åra, ber vi gjerne om at du kontaktar oss, anten over telefon, eller direkte på Kyrkjekontoret, ved Rådhuset. Spør etter Mikal Toska, tlf.nr. 56 19 22 72.

Kristen Stang

## Temamøte i Fitje bedehus.

Onsdag den 19. sept. kl. 19.00 vert det eit temamøte i Fitje bedehus. Då vil bibelskulelærar Jan Bygstad tala over emnet: «Lov og evangelium i forkynninga». Alle er velkomne! Fitje indremisjon.

## Bibelveke i Gjerstad kyrkje

Tysdag 2. okt. - sundag 7. okt. vert det bibelveke i Gjerstad kyrkje. Bjørnar Strøm talar, og det vert songarar med kvar kveld. Møta tek til kl. 19.30, og det vert bøn i sakristiet kl. 19.00. Alle er velkomne! Tilskiparar er alle indremisjonslaga på Osterøy.

## Dåpskjole til leige

Hjellvik kvinne og familielag har dåpskjole til leige. Leigesum kr. 100,-  
Kontakt Tora Hjellvik telef. 56 39 41 43.

**Redaktøren bed om årsaking** for at i siste nr. hadde artikkel-forfattarnamnet falle ut i "Lukkede øyne". Det var Sigurd Svensson.

## Takk

Hjarteleg takk for all venleg deltaking og blomehelsingar i forbindelse med min kjære son og vår kjære bror Alfred Torskhelder sin bortgang.

Takk for gåva til Norsk Luftambulanse kr. 4.500,- som vart samla inn i Hamre kyrkje.  
Andreas m/familie

## Utdeling av Kyrkjebøker til fireåringane

Hamre : 21/10 kl.11.00.  
Gjerstad: 21/10 kl.11.00.  
Hosanger :9/12 kl.11.00.  
Haus: 21/10 kl.17.00.  
Bruvik: 18/11 kl.11.00.

## Temakveldar i Hosanger Kyrkje

Det vil og denne hausten verta temakveldar i Hosanger kyrkje. Emna skulle vera aktuelle for alle, og dei vil verta belyste av dyktige talarar.

Onsdag 3. okt. Liding og menneskeverd  
v/ sykehjemsprest Torbjørn Skjælaaen

Onsdag 17. okt. Slitesterk tru v/ prof. dr. med . Atle Roness

Tysdag 30. okt. Død, kvar er din brodd? v/ sokneprest Kjell Nese

Alle dagar kl. 19.30


Torbjørn Skjælaaen har tidl. vore kapellan og sokneprest i Salhus, men er no sykehjemsprest ved Røde Kors sykehjem i Bergen og Arna Helseheim.

Atle Roness har tidl. vore overlege ved Modum Bads Nervesanatorium, og er no overlege ved psyk.avd. ved Haukeland sykehus. Han har skrive fleire bøker om stress og utbrenhet.

Kjell Nese er sokneprest i Arna, og var inntil i fjor prost i Arna og Åsane prosti.

Opplegget for temakveldane vert som i fjor: Songstund, tale, enkel servering og til slutt høve til spørsmål. Siste kvelden vert avslutta med nattverd.

**VEL MOTT!**



## Eldres dag

14. oktober vil dei eldre i Hosanger sokn vera spesielt inviterte til gudstenesta. Det vert ein enkel kyrkjekaffi etter gudstenesta, og det vert høve til å delta i val av nytt sokneråd. Dersom nokon treng skyss, ver venleg ta kontakt:

Sturle Litland,  
tlf 56 39 04 71  
Brigt S. Skeie,  
tlf 56 39 31 00/56 19 22 83

## Fjon Fjellkyrkje

Fjon Fjellkyrkje og Ungdomsenter melder om ny adresse og telefonnr. for dei som vil tinga plass.

Adr.: Kyrkjekontoret i Masfjorden  
5981 Masfjordnes.  
Mrk. Leige av Fjon Fjellkyrkje  
Telefonnr.  
Sentralbord 09.00 – 15.00  
Man- fredag :tlf. 56 16 62 60

Telefaks: 56 16 62 01  
Etter opningstid :  
Knut Sørheim -  
mobil: 99 64 25 75



# Velkommen til kyrkja

## KYRKJESKYSS

For dei som ynskjer å koma til kyrkje, men har problem med skyss, er det mogleg å ringja til ein av desse:

Roald Hauge tlf: 56 39 45 07  
Astrid Mæle tlf: 56 39 02 06  
Marta Gjerstad tlf: 56 39 20 31  
Turid Njåstad tlf: 56 39 24 59

Ver ikkje redd for å ta kontakt.  
Me ynskjer at folk kjem til kyrkje, og tykjer det er leitt at skyssen skal vera eit hinder. Om ikkje dei oppsette personane kører sjølv, får dei andre til å gjera det.

Marta Gjerstad

## Kyrkjesskyss til Haus kyrkje

Desse personane kan kontaktast pr. telefon:  
Berit Torp 56 39 03 59  
Bjarte Mjelde 56 39 04 64  
Einar Johnny Selvik 56 39 43 37  
Inger Margrethe Litland 56 39 01 17

Kyrkjesskyss til Hosanger  
frå Tysse,  
ring  
Olav Meltvik,  
tlf. 56 39 52 27.

Dåp  
Det høver med dåp desse dagane:  
Haus: 21/10 og 25/12  
Bruvik: 18/11  
Gjerstad: 21/10, 2/12 og 26/12  
Hamre: 21/10, 2/12 og 25/12  
Hosanger: 14/10, 9/12 og 26/12.

## Gudstenester:

### 23.september 16.sundag etter pinse. Matt.6,24-34.

- |                    |  |
|--------------------|--|
| Haus kl.11.00.     | Høgmesse. Melve. Nattverd. Takkoffer til NLA (Norsk Lærarakademi)                                      |
| Hosanger kl.11.00. | Høgmesse. Skeie. Presentasjon av konfirmanthane. Takkoffer til barne – og ungdomsarbeidaren i Osterøy. |
| Gjerstad kl.19.30  | Gudsteneste. Melve. Presentasjon av konfirmanthane. Takkoffer til NKSS ( Studentlaget).                |

### 30.september 17.sundag etter pinse.1.Sam.2,1-6.

- |                 |   |
|-----------------|---|
| Hamre kl.11.00. | Høgmesse. Krinssekr. Nils Arne Lavik.<br>Nattverd. Takkoffer til NLA. |
|-----------------|---|

### 7.oktober 18.sundag etter pinse. Mark.2,18-28.

- |                    |   |
|--------------------|---|
| Gjerstad kl.11.00. | Høgmesse. Melve. Nattverd. 50 års konfirmanthane møtest. Takkoffer til kyrkjelydsarb. |
| Hosanger kl.11.00  | Høgmesse. Skeie. Takkoffer til Misjonshøgskulen. Eldredag. Soknerådsva.               |
| Bruvik kl.16.30.   | Gudsteneste. Skeie. Soknerådsva. Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet.                    |
| Haus kl.19.00      | Misjonsgudsteneste. Arve Hansen Haugland..  |

### 21.oktober 20.sundag etter pinse. Mark.2,1-12.

- |                    |  |
|--------------------|--|
| Gjerstad kl.11.00. | Hausstakkesfest. Melve Utdeling av Kyrkjebok til fireåringane. Takkoffer til IKO, Soknerådsva.                                 |
| Hamre kl.11.00.    | Hausstakkefest. Skeie. Dåp. Utdeling av kyrkjebok til fireåringane. Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet. Soknerådsva.             |
| Haus kl.17.00.     | Familiegudsteneste. Melve. Utdeling av Kyrkjebok til fireåringane. Dåp. Takkoffer til kyrkjelydsarb. Kyrkjekaffi. Soknerådsva. |

### 28.oktober kl.11.00. Bots- og bededag. Matt.7,7-14.

- |                  |  |
|------------------|--|
| Bruvik kl.11.00. | Bededagsgudsteneste. Skeie. Takkoffer til Kalfarhuset. |
|------------------|--|

### 3.november

- |                    |                          |
|--------------------|--------------------------|
| Hosanger kl.17.00. | Minnegudsteneste. Skeie. |
| Gjerstad kl.17.00. | Minnegudsteneste. Melve. |

### 4.november Helgemesse. Matt.5,1-12.

- |                    |   |
|--------------------|---|
| Haus kl.11.00.     | Høgmesse. Skeie. Nattverd. Takkoffer til IKO (Institutt for kristen oppseding). |
| Hamre kl.11.00.    | Høgmesse. Melve. Nattverd. Takkoffer til Bjørgvin familierådgjevingskontor.     |
| Gjerstad kl.19.00. | Lovsongskveld.. Tale: Steinar Opheim.   |

### 11.november. 23.sundag etter pinse. Matt. 18,21-35.

- |                    |  |
|--------------------|--|
| Hosanger kl.11.00. | Høgmesse. Melve. Dåp. Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet.                          |
| Gjerstad kl.11.00. | Høgmesse. Prostiprest Werner Larsen. Nattverd. Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet. |

### 18.november 24.sundag etter pinse.Matt.22,15-22.

- |                  |   |
|------------------|---|
| Hamre kl.11.00.  | Høgmesse. Skeie. Nattv..Offer til Kalfarhuset.  |
| Bruvik kl.11.00. | Familiegudsteneste. Melve. Utdeling av Kyrkjebok til fireåringane. Takkoffer til Norsk Gideon. Kyrkjekaffi. |

### 25.november Siste sun. i kyrkjeåret (Domssundagen). Jes.65,17-19.

- |                |   |
|----------------|---|
| Haus kl.11.00. | Høgmesse. Skeie .Nattverd . Takkoffer til |
|----------------|---|

Institutt for sjælesorg.

**2.desember 1.sundag i advent. Sef. 3,14-18.**

- Hamre kl.11.00. Familiegudsteneste. Skeie. Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet.
- Gjerstad kl.11.00. Familiegudsteneste. Melve. Sundagsskulens dag. Takkoffer til Bergen sundagsskulekrins.

**9.desember 2.sundag i advent. Luk.12,35-40.**

- Hosanger kl.11.00. Familiegudsteneste. Skeie. Takkoffer til Osterøy sundagsskulelag.
- Haus kl.19.00. Ljosmesse . Melve Konfirmantane deltek. Takkoffer til Normisjon.

**16.desember 3.sundag i advent. Matt.11,11-19.**

- Bruvik kl.17.00. Ljosmesse og jolekonsert. Melve. Konfirmantane og Haus musikkklag deltek.
- Hamre kl.11.00. Høgmesse. Skeie.

**18.desember**

- Hosanger Jolekonsert.

**21.desember**

- Haus kl.19.00. Jolekonsert.

**22.desember**

- Gjerstad kl.19.30 Lovsongskveld.

**23.desember 4.sundag i advent.**

- Tysse bedehus kl.11.00. Gudsteneste. Gudstenesteleiar Alf S. Kallestein. Takkoffer til NMS.

**24.desember Jolaftan.Luk.2,1-14.**

- Bruvik kl.12.30. Familiegudsteneste. Melve. Takkoffer til Kirkrens nødhjelp.
- Hosanger kl.14.30 Familiegudsteneste. Skeie. Takkoffer til Kirkens nødhjelp.
- Hamre kl.16.00. Familiegudsteneste. Skeie. Takkoffer til Kirkens nødhjelp.
- Gjerstad kl.14.30 Familiegudsteneste. Melve. Takkoffer til Kirkens nødhjelp.
- Haus kl.16.00. Familiegudsteneste. Melve. Takkoffer til Kirkens nødhjelp. Haus musikkklag spelar.

# Familie nytt



**HAUS**

Døpte:

- 17.06 Halgeir Veseth  
17.06 Christina Steien Sakstad  
05.08 Elias Mostraum  
05.08 Sondre Hekland Mjelde  
05.08 Kaia Rolland

Gravlagde:

- 26.06 Ludmar Wiik (f.1918)  
03.07 Anders Bertin Katle (f.1921)  
17.07 Lizzie Marie Mjelde (f.1914)

**GJERSTAD**

Døpte

- 01.07 Brynjar Løkling  
29.07 Benedikte Solberg Flatås

- 29.07 Daniel Birkeland Skistad

- 29.07 Lars Henrik Hauge

- 29.07 Tiril Rongved

- 19.08 Martine Norløff Solberg

Vigde

- 16.06 Magne Teigland og Anne Lise Bruvik

- 21.07 Henning Kloving Hansen og Åshild Rød

Gravlagde

- 26.06 Johanna Gjerstad (f.1910)

- 29.06 Margit Karolina Hauge (f.1909)

- 10.08 Borghild Vevle (f.1913)

**BRUVIK**

Gravlagde

- 08.06 Leif Bruvik (f.1927)  
09.08 Elida Hekland (f.1919)

**HAMRE**

Døpte

- 17.06 Frida Sandal Fotland  
Celine Daltveit Kvalsvik

- 08.07 Carl-Michael Fredrik  
Hendriksen Palmer

- Emil Andre Stordal  
Forland

- 15.07 Emilie Brakvatne Olsen  
(i Meløy)

- 22.07 Emilie Guddal Birkeland  
Daniel Bysheim Isvik

- Amalie Svenheim  
Mia Raknes James

- Kristian Flatås Larsen  
Kristian Rebnord Johnsen

- Leander Losnegård

Vigde:

- 16.06 Inge Knut Reigstad og  
Irmelin Ystheim

- David Bennett Ketcham  
og Karin Myking

- Frank Indrebø og Rita  
Njåstad

- 21.07 Nezir Berisha og Solveig  
M. Hjellvik

- 11.08 Jostein Mjelstad og  
Ragnhild Aasheim

- John Kr. Berentsen og  
Lisbeth Falkmo (i Vefsn)

- 25.08 Tom-Are Wilhelmsen og  
Therese Greve

Gravlagde/bisette

- 24.07 Inga Selma Mostrøm  
(f.1918)

- 27.07 Alfred Johan Torskhelder  
(f.1952)

- 23.08 Thore Rosnes (f.1943)

**HOSANGER**

Døpte

- 17.06 Frida Sandal Fotland (i  
Hamre)

- 22.07 Daniel Bysheim Isvik (i  
Hamre)

- 29.07 Vettle Rossland Jørgensen

- 26.08 Brage Mjelde Hanstveit  
Heidi Emina Balestrand

Vigde

- 04.08 Harald Myking og  
Katrine Ahmer

- 01.09 Hans Magne Hannisdal  
og Laila Hagebø

Gravlagde

- 12.06 Anna Flatekval (f.1902)

- 25.07 Benjamin Kleppe  
(f.1919)

- 31.07 Ingolf Elias Birkeland  
(f.1901)

## Konfirmasjon vår 2001 - BRUVIK



1. rad frå v: May Britt Vik Pedersen, Johannes Melve, Helene Oppedal Flølo. 2. rad frå v: Alexander Ommedal, Joachim Hjelvik, Preben Småland, Kim Rune Øyre Bruvik, Mailinn Rolland Skaftun. Foto: Rune Solberg

## Konfirmasjon vår 2001 - HAMRE



1. rad frå v: Ragnhild Daltveit, Tonje Charlotte Stald, Charlotte Skaar, Brigt Sigve Skeie, Samantha Revheim Fotland, Monica Tvedt Sæbø, Lina Vatle Sandgren. 2. rad frå v: Anja Frotjold Birkeland, Sølvi Børtevit, Christian Tveiten, Kristian Reigstad, Yngve Reigstad, Helge Valestrand Edvardsdal, Eirik Tveiten, Bjarte Børtevit, Lillian Elvik. 3. rad frå v: Ole Henrik Olsen, Jim Øyvind D. Johansen, Trygve Eide, Rudi Ellingsen Orvedal, Hallvard Stuberg, Arve Thunestveit Burkeland, Stian Hopland, Thomas Myking Bolstad. Foto: Rune Solberg

## Konfirmasjon vår 2001 - HAUS



1. rad frå v: Camilla Romslo, Stina Rolland, Johannes Melve, Veronica Vikne, 2. rad frå v: Ida Kristin Hansen, Mette Helland, Aleksander Einarsen, Charlotte Marlen Midttun, Camilla Litangen Sleire, Katrine Vedå. 3. rad frå v: Kjell-Åge Børtevit, Andre Vik, Asle Zachariassen, Willy Hundhammer Bruvik, Thomas Nilsen. Foto: Rune Solberg

## Konfirmasjon vår 2001 - HOSANGER



1. rad frå v: Indira Hopdal Liseith, Anne-Thora Vardøy, Brigt Sigve Skeie, Stina Marie Sandal Vedå. 2. rad frå v: Rhiannon Tveiten Lewis, Brita Stenvold Tysse, Sissel Noreide Kleppe, Ingrid Lavik Bernes, Heidi Hanstveit, Ingvild Birkeland, Malin Storevik Mjøs. 3. rad frå v: Cathrine Gjeitrem, Stian Skavlid, Alexander Stokken, Henrik Hole, Lasse Sleire Carlsen, Espen Husebø. 4. rad frå v: Dennis Duran, Einar Aarvik Gjerstad, Eirik Øvsthus, Geir Martin Myking, Rune Hauso Bernes. Foto: Rune Solberg



## Valg 2001

valkamp er mange leie av politikk. Og meir politikk skal me ikkje koma med. Soknerådsvalet dreiar seg ikkje om politikk, men om ansvar for kyrkja. Kven skal styra i kyrkjelydane, kven skal avgjera saker for kyrkja? 90 % av folket er framleis medlemmar av Den norske kyrkja, men berre ein liten prosent deltek ved soknerådsvalet.. I år er det nokre kyrkjelydar som har lagt soknerådsvalet til Stortingsvalet, medan

Når dette vert  
lese, er  
Stortingsvalet  
forbi. Mange er  
glade for det.  
Etter ein hektisk

# Soknepresten har ordet:

det normale er at soknerådsvalet er ein månad seinare. Om dette vil få opp deltakarprosenten, vil me få sjå.

Ansvar for kyrkjelyden står i sentrum når me har val til nytt sokneråd. Eg veit at mange stader slit dei for å få folk til å stå på listene til soknerådsvalet. Grunnane kan vera mange. Men dei som vert valde, trivst i soknerådet. Det er heller ikkje mange råd som har så mange møte at medlemane vart utslitte av den grunn. Likevel er det stort sett slik at dei fleste seier frå seg attval. I råda vil det vera mange nye personar som kjem inn frå neste år. Men no gjeld det fyrist kven som skal veljast, og det avgjer

du. Sundagane 14 og 21. oktober er viktige datoar å hugsa på. Då får du bruka retten din til å avgjera kven som sitja i soknerådet for dei neste fire åra.

Bruk røysteretten! Det er viktig å ikkje overlata til andre å avgjera for deg. Om kyrkja ikkje fanst, ville mange vera fortvila. Me har sett det ved kyrkjebrannar at kyrkja har ein viktig plass hjå folk. Vis at den plassen er viktig no og.

Soknerådsvalet 2001 er ditt val!

**Johannes Melve**

### Soknerådsvalet

Gjerstad : Val 21.10 (etter gudstenesta kl.11).kl.12.30-13.00  
Haus : Val 21.10 (etter gudstenesta kl.17) kl.1830-19.30.  
Bruvik : Val 14.10 ( etter gudstenesta kl.16.30) kl. 17.30-18.30.  
Hosanger : Val 14.10 (etter gudstenesta kl.11.00. til kl.14  
Hamre: Val 21.oktober (etter gudstenesta kl.11.00.) til kl.13.30

### Førehandsrøysting

Bruvik: Førehandsrøysting til soknerådsvalet i kyrkja 9/10 kl.19-20.  
Haus: Førehandsrøysting i kyrkjelydshuset 6/10 og 13/10 kl.12-14.  
Gjerstad, Hamre og Hosanger: Førehandsrøysting på kyrkjekontoret  
15. - 19./10 kl.09-15.

## Dei som er sett opp på val til sokneråda i Osterøy 2001 - 2004

### Hamre sokn:

Norvald N. Vedå, Hjellvik  
Tone Vatle, Valestrand  
Inge Arve Birkeland, Hamre  
Gunnlaug Binningsbø, Valestrand  
Bjørg Mosevol, Hjellvik  
Lars Eikeland, Hamre  
Marte Reigstad Clausen, Valestr.  
Wenche E. Stald, Hjellvik  
Vigleik Kalland, Valestrand  
Liv Hannisdal, Hamre  
Liv G. Skår, Hjellvik  
Lis A. Windt, Valestrand  
Ståle Daltveit, Valestrand  
May-Britt Sylta, Hamre  
Helge Horsås, Hjellvik

### Hosanger sokn:

Lillian Bjørsvik, Fotlandsvåg  
Kjartan Tysse  
Sølv Ann Hanstveit, Fotlandsvåg  
Nina Beckstrøm, Fjellsålnes  
Alf Kallestein, Hosanger  
Gerfd Helene Mjøs  
Aksel Mjøs  
Gyda Tveiten Lewis  
Kari Ekanger Johnsen  
Anne Mari Persen  
Astrid Ahmer  
Torill Barnes  
Sally Tysse

### Gunnhild Mjøs

**Haus sokn:**  
Marit Skjeldal  
Einar Johnny Selvik  
Sigrid S. Mjelde  
Berit Torp  
Ågot Mjølkeråen  
Nils Lygre  
Reidun Rolland  
Tordis Birkeland  
Halldis Midtun  
Vigdis Fossheim  
Gunnar Årbakke  
Ole Johannes Mjøs  
Trond Midtun  
Maria Hundhammer  
Magne Antun  
Geir Atle Mjelde

### Gjerstad sokn:

Agnar Vevle, Hauge  
Magnhild Presttun, Rongved  
Alf Terje Mortensen, Hatland  
Svanhild Hartveit, Hartveit  
Robert Kallekleiv, Fossdal  
Kirsten Varden, Hatland  
Arne Mæstad, Hartveit  
Berit Solberg, Lone  
Kjell Daltveit, Vevle  
Gerd Karin Njåstad, Njåstad

### Haus først ute med SKM

SKM tyder SAMARBEID KYRKJELYD OG MISJON. I kyrkja er det gjort mykje for å leggja til rettes for misjonsarbeidet i kyrkjelydane. Utan misjon, dør kyrkja! Så enkelt er bodskapen, og så alvorleg. Haus kyrkjelyd er den fyrste på Osterøy som har skrive kontrakt for eit slikt samarbeid. Kyrkjelyden har gått inn for å støtta Lovsangshjemmet - Home of praise, som Det norske misjonsselskap har som eitt av sine prosjekt. Lovsangshjemmet ligg i Klong Toey - slummen i Bangkok i Thailand. Senteret har som mål å visa kristen nestekjærleik, formidla håp og hjelp til menneske som lever i stor fattigdom der kriminalitet, prostitusjon og nakkotika er ein del av kvardagen for dei som bur i området.

NMS, Normisjon og Israelsmisjonen er med i dette arbeidet. I Bjørgvin bispedøme arbeider ein av konsulentane på bispekontoret med misjonsprosjekta. Me vonar at andre kyrkjelydar kjem etter! Sundag 14.oktober kl.19.00 held me Misjonsgudsteneste i Haus kyrkje. Her vert tidlegare misjonær Arve Hansen Haugland med. Han er tilsett i NMS.

Roald Hovden, Hauge  
Ingunn Marie Vestrheim, Kleiveland  
Rune Revheim, Revheim  
Else Kallekleiv, Kaldeklaav  
Atle Ahmer, Lone

### Bruvik sokn:

Wenche Fiskeseth  
Otto Mo  
Magne R. Vikne  
Eliane Flostrand  
Erling D. Bruvik  
Arild Seilen  
Grete Teigland Olsnes  
Bjørg Gjerstad  
Tormod Småland  
Svein Bruvik  
Kari Bruvik

# Haus Kyrkjelydshus

V/ Einar J. Selvik

Høsten 1998 startet reisninga utvidelsen av Haus kyrkjelyda. hadde penger til å få ”tett hus”, og ikke mer. Vi var i tvil om vi skulle våge å sette i gang på slike premisser. På den annen side visste vi at 24. mai 1999 var Haus kyrkje 125 år, og det ville vi feire. Det eksiserende huset var alt for lite, så målet vårt var å få tett hus innen nevnte dato og håpe på at Haus ikke opplevde en kuldebølge på dagen. Dette holdt stikk, og nysalen ble tatt i bruk, uten isolasjon, innerkledning og gulvbelegg, men vakker pyntet med grønt ble over 150 gjester bevertet. I forbindelse med jubileet fikk vi diverse pengegaver, slik at optimismen vokste med tanke på i allefall å få salen ferdig.

Pr. dags dato kan vi si at nye salen er ferdig med varme i gulvet, vakker trehvit panel på veggene og vakre gardiner. Salen har varmerør i gulvet.

## VIL DU LYTTE

Kirkens SOS starter nytt innføringskurs for frivillige medarbeidere.

Kurset går over 10 torsdagskvelder.

Medarbeiderne har vakt ca. hver 12. dag og får støtte og veiledning så lenge de er med i tjenesten. For å bli medarbeider må du være over 20 år.

Oppgaven er å lytte til innringer, tåle å møte et annet menneskes smerte og sorg.

Medarbeideren skal ikke finne løsninger eller «gode råd».

Velkommen til et godt fellesskap og meningsfull tjeneste!

Ring Kirkens SOS tlf. 55 32 58 45 på dagtid eller 90 53 23 20 kveld

Dette gir en behagelig varme. Teknisk sett kun vifteanlegg som mangler.

Yder på at huset kan bli mye tatt. Vi har allerede hatt 2 julefester, 1 av dem i tomt skall, slektstevner, kyrkjelaget har holdt basar. 30. mars ble konfirmanfesten feiret med ca. 90 personer til bords. 9. juni holdt vi åpent hus i forbindelse med kulturuken i Osterøy 2001. Ellers har huset vært brukt til diverse minnesamvær denne våren og

forventninger, og vi i soknerådet, som har vært med i prosessen føler oss svært inspirerte og føler et visst press på oss når det gjelder å gjøre huset til et levende bygg.

Utover høsten vil der bli arrangert temakvelder, 6 stk. i alt med lokale og foredragsholdere utenfra. Temaene er aktuelle temaer. Ting som søkerende mennesker grubler på, men ikke finner svar på. Der blir og servering og mulighet til å komme med spørsmål. Vi planlegger og å arrangere



forsommeren. Vi kan si at første byggetrinn er ferdig. Som byggetrinn 2. regner vi med å bygge handicap-toilet, rullestolrampe og få montert ventilasjonsanlegg. Alle disse tingene er ting som er påbuddt etter byggeforskriftene, slik at huset kan ikke erklæres ferdig før dette er gjort. Som byggetrinn 3. tenker vi på å utvide kjøkkenet og gjøre det bedre egnet for større arrangementer. Isolere og montere kjøleutstyr i en bod, slik at kjølekapasiteten økes. Vi må og supplere og fornye inventaret. Sist, men ikke minst tenker vi å dele opp gammesalen, men der har vi ikke helt klart for oss hva vi vil. Skal vi trekke en konkolusjon, må det være at huset allerede no kan sies å svare til våre mest optimistiske

kultukvelder. Tanken er at i vår tid er vi mennesker alt for lite sosiale. Dette skyldes i stor grad at vi er bundet til TV-en. Vi har tenkt å kalle disse kveldene ”Svart skjerm”. Tanken er: Slå av TV-en, møt opp med ektemake, samboer eller venn. Nyt et godt måltid, vær sosial treff sambygdinger. Kos deg. Variert program. De forskjellige kveldene vil bli kunngjort ved oppslag, når de tar til. Vi håper at både sambygdinger og ellers andre interesserte vil gjøre seg nytte av tilbudene og være med på å gjøre Haus kyrkjelydshus til et levende hus. Vi understreker at vår store frelses Jesus Kristus selvfolgelig vil være i sentrum av aktivitetene, men der vil og være rom for andre kulturelle innslag og aktiviteter.

# Vi vitjar administrasjonsavdelinga:

## Nytt frå:

Kyrkjeleg Fellesråd

Osterøy Prestegjeld  
v/dagleg leiar Kristen Stang

I serien vår frå Kyrkjekontoret tar vi no for oss administrasjonsavdelinga, eller det ein også kan kalle den merkantile delen. Det er dei som også arbeider mykje med tal, som set opp

eit ekstra ansvar for rekneskap og drift av kyrkjegardane. Elles driv han med sekretærarbeid både for fellesrådet og for sokneråda. På biletet treff du han på ei synfaring på den nye kyrkjegården på Hosanger der han prøver ut den nye benken ved vannposten på vestsida av kyrkja. Elles er ikkje Mikal ein kar som treng kvile mykje når han er undervegs. Han er ein ekte sportsmann, som veit å halde seg i form, og den må lange godt ut som vil følgje han langs landevegen, eller på turar i skog og mark.

Mikal Toska på synfaring på Hosanger




rekneskap og budsjett, og som syter for løn til rette tider. Det er også dei som har ansvar for å halde bygg og eide domar i orden, og dette gjeld då også kyrkjegardane. Forvaltning - er også ei nemning for denne tenesta.

I kontorbrakka har denne avdelinga kontor langs austsida, eller på inngangssida av bygget. Som regel er det desse folka du først treff på når du vitjar kyrkjekontoret. Litt har det med å gjere at det er dei som er mest stadbunde på kontoret, sjølv om dei også ofte må på farten, for å sjå til bygg og anlegg. Inne i mellom tek dei også eit tak på uteanlegget, når det er trong for ei ekstra hand.

Mikal Toska er kontorsekretær, og har side 14

Mikal Toska er busett på Arnatveit med familien sin, men han er elles ekte radværing, og har eige bruk på Toska. Der nyttar han tida både i helger og ferie til fornying og oppussing. På Rådhuset er han godt kjent med alle, og er det vi trygt kan kalle - ein likandes kar. På Kyrkjekontoret har han vore tilsett sidan 1996, og god orden og oversyn er noko som kjenneteiknar arbeidet hans. Før Mikal Toska kom til Osterøy har han arbeidt ei lang årrekke innanfor reknesapssektoren hos Sverre Munck A/S

Dagleg leiar på kyrkjekontoret er Kristen Stang. Denne stillinga er også nemnt som - kyrkjeverje, og har eit



Kristen Stang på plass på kontoret.

hovudansvar for kontordrifta og dei tilsette. Dette gjeld likevel ikkje prestane, som etter gamalt sorterer under biskop og prost.

Kristen Stang er ekte bergenser av den litt eldre skulen, og slike fekk sjeldan ha førenamnet sitt i fred. «Bossen» er difor ofte eit namn han lyder, men kvifor får du spørje han om sjølve. Til trøst for dei som tykkjer dette er for barnleg å kalle ein mann på snart 63 år så lyder han begge namna. Bossen likar i alle høve også godt å trimme, så slik sett går han godt i lag med Mikal. Roing er ein aktivitet han likar særleg godt, og til tider treff du han på tur kring Osterøy.

På kyrkjekontoret har Kristen vore tilsett frå 1997, og før det var han lengste tida tilsett ved Åsane Senter der han stelte med utbygging og eideomsdrift. Kristen likar seg godt på Osterøy, men strever nok litt inne i mellom, - med nynorsken og med trønge budsjett. Stort sett går det likevel bra, ikkje minst grunna kjekke kollegaer på Kyrkjekontoret og på Rådhuset elles. Kring om i sokna tykkjer han der også er mange hyggelege folk og medarbeidarar.

# Israel

**Det vert fortalt at Fredrik II av Preussen stilte følgjande spørsmål til ein kristen: «Kan du gje meg eit prov på at Bibelen er sann?» Mannen tenkte seg om litt og svarte: «Jødane, Herre konge».**

Frå 135 år e.Kr. då romarane



øydela den gamle jødiske staten for godt og dreiv jødane i diaspora (utledd) og fram til opprettinga av den moderne israelske staten i 1948, har jødane vore spreidde over mest heile verda. Det har ikkje vore nokon stat i det området dei kom frå. Romarane kalla det Palestina for å rydda ut minnet om jødane, og dei innførte ein kvote på kor mange jødar som skulle få lov til å bu der. Denne kvoteordninga vart adoptert av alle dei påfølgjande imperia som styrte der, og det sette i praksis ein stoppar for ei etterreising av staten heilt til vår tid. Endå til i tida 1917 - 1948 då britane styrde mandatområdet Palestina på vegne av Folkeforbundet, handheva dei ei streng kvoteordning som førte til at

mange jødar som ville til Palestina, måtte venda attende til Europa og dødsleirane.

Det var difor ikkje noko mindre enn eit under då SN den 29. nov. 1947 vedtok å oppretta ein jødisk stat i Palestina. Staten vart rett nok sterkt redusert i omfang i høve forventningane til Balfourdeklarasjonen av 1917, men jødane godtok grensene. Det gjorde derimot ikkje arabarane, noko som har påført Israel fleire krigar sidan staten vart oppretta. Arabarane ville ikkje godta nokon jødisk stat om han så ikkje hadde vore større enn byen Tel-Aviv. (Kjelde: Nils Jacob Tønnesen (red.): ISRAEL 50 år. Luther forlag 1998 s. 37 - 65)


Det er underleg å sjå det som hender i Midt-Austen i lys av dei bibelske profetiane om Israel.

Hjå profeten Esekiel kap. 36,24 står det: «Eg vil henta dykk frå folka og samla dykk frå alle landa, og eg vil la dykk koma til dykkar eige land.» Og Amos 19,15: «Eg vil planta dei i landet deira, og dei skal aldri meir vera rykte opp or landet sitt, det som eg har gjeve dei, seier Herren din Gud.» Om byen Jerusalem sa Jesus i Luk. 21,24: «... Og Jerusalem skal liggja nedtrødd av heidningar til tidene åt heidningefolka er ute.» Jerusalem står nok i ein særstilling i denne samanhengen. Det kan me lesa om i hjå profeten Sakarja kap. 12: «Den dagen skal det henda at eg gjer Jerusalem til ein lyftstein for alle folka. Alle som lyfter på han, skal sjølve få sår. Ja, alle heidningefolk på jorda skal flokka seg mot han.» (v3) «På den dagen skal Herren verna dei som bur i Jerusalem.» (v.8) Når Gud grip inn, skal innbyggjarane sanna at Jesus er Messias: «Men over Davids hus og over innbyggjarane i Jerusalem vil eg renna ut nåde-Anden og bøne-Anden, og dei skal sjå opp til meg som dei har gjennomstunge». Dette kan me sjå i samanheng med det som står i Rom. 11,25-26: «For eg vil ikkje, brør, at de skal vera uvitande om denne løyndomen - så

de ikkje skal vera sjølvkloke: Forherding er komen over ein del av Israel til fullnaden av heidningane er komen inn. Og såleis skal heile Israel verta frelst, som det står skrive: Frå Sion skal utfriaren koma. Han skal ryddja gudløysa bort frå Jakob».


Guds lovnader til Israel er to-sidig: Dei skal få landet sitt att i samsvar med den pakta han gjorde med Abraham. (1.Mos. 17, 7-8). Og etter at dei er samla i det landet Gud har gjeve dei, skal dei verta frelseste ved den Messias som dei tidlegare forkasta.

Me skal få undra oss og gle oss over at Gud i desse tider oppfyller



dei gamle lovnadene sine til dette hardt prøvde folket, og følgja oppmodinga frå Salme 22: «Be om fred for Jerusalem. Lat det gå dei vel som elskar deg». Og så skal me få vera sikre på at Gud som har skapt alle menneske og ser langt ut over det som me gjer, er rettferdig.

**Øyvind Vevle**



# Det landet som ventar

Av Haldis Reigstad

Fram mot ei tidlaus æve, -  
fram mot det landet som ventar  
renn våre tilmalte dagar.  
År etter år,  
Som elva mot havet  
kvart menneske går.

Framtida ligg i mørke,  
inn i det ukjende går me  
samан med han som veit vegen.  
Steg etter steg  
skal lyset frå Himmelen  
visa oss veg.

Håpet skal aldri bleikna,  
alle Guds barn er trygge  
kva me enn her må møta.  
Gud er vår Far,  
det evige livet i  
Kristus me har.

Trygge trass vekslande tider.  
Ordet er alltid det same,  
Jesus er lyset som strålar.  
Han er vår fred,  
Han er den sola  
som aldri går ned.

Innleveringsfrist

nesten nr. er:

1. nov.

Stoff kan sendast til:

Olav Meltvik

5284 Jyssebotn